



Saksframlegg

Reglement Fyresdal ungdomsråd, justering

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret.

Dokument i saka:

Gjeldande reglement Fyresdal ungdomsråd.

Bakgrunn for saka:

Gjeldande reglement for Fyresdal ungdomsråd blei vedtatt av kommunestyret 20.05.2021 i k-sak 27/21. Vi skal gjennomføre nytt val no i vår, og samband med drøftingar rundt dette fann vi feil i reglementet når det gjeld alder.

Kommunelova sei at personane som blir valde skal representere ungdom i kommunen eller fylket, og dei kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

I Fyresdal gjeld fylgjande:

Alder: Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år Funksjonstid: Medlemene veljast for to år av gongen. Dersom det blir vald ein person som blir eldre enn 19 år seiste del av valperioden, blir denne ved val oppmnemnt for eitt år, og varamedlem går automatisk inn seiste året. Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar, med funksjonstid to år.

Fyresdal sine reglar bør justerast i forhold til kommunelova, og ein gjer framlegg om fylgjande endring i reglementet:

Alder: Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år, og dei kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

Funksjonstid: Medlemene veljast for to år av gongen.

~~Dersom det blir vald ein person som blir eldre enn 19 år seiste del av valperioden, blir denne ved val oppmnemnt for eitt år, og varamedlem går automatisk inn seiste året~~

Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar, med funksjonstid to år.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035, **stimulere til politisk arbeid.**

Konklusjon:

Reglementet bør justerast så det samsvarer med kommunelova § 5-12, tredje ledd slik:

Alder: Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år, og dei kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

Funksjonstid: Medlemene veljast for to år av gongen.

Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar, med funksjonstid to år.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Reglementet bør justerast så det samsvarer med kommunelova § 5-12, tredje ledd slik:

Alder: Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år, og dei kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

Funksjonstid: Medlemene veljast for to år av gongen.

Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar, med funksjonstid to år.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur